



TRÆNEN frå Kystverket til kai i Uskedalen i natt som var. TRÆNEN er eit av ti hovudfarty i Kystverket.

TRÆNEN høyrer til Kystverket i Noreg. I går kveld la fartyet til kai ved Uskedal Trelastlager sin kai i Beinavikjo. TRÆNEN er eit av ti hovudfarty i Kystverket og har tilsyn med fyrstasjonar, lykter, lanterner og sjømerke langs kysten.

Fartyet TRÆNEN har namnet sitt frå Træna, før Lurøy kommune på Helgelandskysten, no eigen kommune. Træna fyr er eit av mange markerte fyr på norskekysten. I si tid var det 212 fyrstasjonar i landet. No er 107 anlegg i drift.

Kystverket er ein statleg etat under Samferdsledepartementet. I tillegg til hovudfartya disponerer Kystverket hjelpefarty, losbåtar, fly, slepebåtar og isbrytarar.

Ein merksam lesar la merke til TRÆNEN i Storsund på dagtid og informerte redaksjonen om kva farty dette var og om kva som var oppdraget. Seinare på kvelden la TRÆNEN til kai på Beinavikjo. Avgang frå Uskedalen var i dag tidleg, på seglas til nye område og nye oppdrag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal